

Årsmøte i kveld, klassikar 11. april**28.01.2010**

I kveld held Kvinnherad Turlag årsmøtet sitt i Raulø i Rosendal klokka 19 og der vil ein mellom anna få presentert opplegget for eit nytt og spanande tur-år.

Det omfattar til dømes turen som har vorte einklassikar - til toppen av Ulvanåso.

Denne turen, med Svein Bergseth som leiar, er dette året beramma til 11. april. Turen går frå Ternebu i Tveitedalen og er ei eventyrlig våroppliving hvis vergudane er med på laget (biletet)!

Ellers lokkar turlaget med vinteretur over Folgefonna 6. og 7. mars, men før det - 28. februar - blir det måneskinnstur med Sigve Solheim som leiar.

Under årsmøtet i kveld blir det i tillegg til dei vanlege sakene lysbilledkåseri frå Svalbard ved Atle Helland.